SOS1100 – Sosiologisk teori

- Skoleeksamen
- 22. mai kl.15:00–19:00 (4 timar)

Om eksamen

- Eksamen består av to delar: kortsvarsoppgåver (del 1) og langsvarsoppgåver (del 2).
- Del 1 tel 1/3 av eksamenskarakteren, og del 2 tel 2/3 av eksamenskarakteren.
- Eksamensoppgåva er på norsk. Du kan svare på eksamen på norsk, svensk, dansk eller engelsk.

Digital kandidatinstruks

Du finn kandidatinstruks for skoleeksamen som ein ekstern ressurs i prøven.
Kandidatinstruksen viser korleis UiO gjennomfører skoleeksamen.

Hjelpemiddel

Ordbok som er levert og kontrollert i forkant av eksamen.

Kortsvarsoppgåver

Svar kort på TRE av desse spørsmåla. Hugs å skrive kva slags oppgåver du vel i kvart av svara dine.

a) Kva meinte Durkheim med sosiale fakta?

b) Kva meinte Du Bois med dobbelt medvit?

c) Kva meinte Goffman med inntrykksstyring?

d) Kva meinte Parsons med normativ integrasjon?

Langsvarsoppgåver

Svar lengre på EITT av desse spørsmåla. Hugs å skrive kva slags oppgåve du svarar på.

ENTEN

a) Eit gjennomgangstema i sosiologisk teori er korleis ein skal forstå makt og korleis makttilhøve består over tid, for eksempel hos Weber, Frankfurterskolen, Foucault og Bourdieu. Gjer greie for og samanlikn for minst to ulike oppfatningar om dette, og diskuter sterke og svake sider ved dei.

ELLER

b) Eit sentralt spørsmål i sosiologisk teori har å gjere med korleis vi skal forklare sosiale fenomen. Dette spørsmålet finn ein igjen hos Marx, Weber, Durkheim, den symbolske interaksjonismen, rasjonell valteori, feministiske teoriar, postkoloniale teoriar, og hos Bourdieu. Gjer greie for og samanlikn for minst to ulike oppfatningar om dette, og diskuter sterke og svake sider ved dei.